

NVE Konesjons- og tilsynsavdelingen
Postboks 5094 Majorstua
0301 Oslo

Deres ref.:
Vår ref.: 11176064


Dato:

Søknad om planendring for Harkavatn (reginenr. 062.C2C)

BKK Produksjon AS blei i kongeleg resolusjon av 4. mars 1966 gitt konsesjon til å foreta reguleringar og overføringar i Eksingedalsvassdraget m.fl. i samband med bygging av Evanger kraftstasjon. Konsesjonen omfattar også overføring av Harkavatn til Grasdalen bekkeinntak. Det vert med dette søkt om planendring for å tilbakeføre Harkavatnet til naturleg leie. Søknaden heng saman med konsesjonssøknaden for «Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi», og dersom det ikkje vert gitt konsesjon med tilfredsstillande vilkår for overføringa, fell denne søknaden vekk.

Bakgrunn for søknaden

Harkavatnet drenerer naturleg til Mokedalen og vidare til Tverrelvi og Vosso. BKK ynskjer å overføre dei øvre nedbørsfelt til Tverrelvi og Muggåselvi til Evanger kraftverk, samt bygge kraftverk på restvassføringa. Ved tilleggsoverføringa er det planlagt at Harkavatnet skal førast tilbake til det naturlege nedbørsfeltet sitt i Tverrelvi, for å få meir vatn på eit elvestrekk der vassføringa har vore kraftig redusert. Vidare vil vatnet bli tatt inn i eit nytt bekkeinntak, Bekk Harkavatn, om lag ved kote 805. Tiltaket vil ikkje gi noko auka produksjon, men gjennomførast for å få naturleg vassføring i bekken frå Harkavatnet og ned til inntaket.



Figur 1 Felt som er planlagt overført til Evanger, samt oversikt over Harkavatnet før og etter planendring

Teknisk plan

Harkavatnet vart i 1971 overført med ein tunnel til bekkeinntaket i Grasdalen, og vatnet vart permanent senka med om lag 1 meter. Tilbakeføringa av vatnet skal gjerast ved at tunnelen mot Grasdalen vert stengt og den naturlege vasstanden i vatnet vil verta gjenoppretta.

Inntaket i Harkavatnet må støypast tett. Ein ser for seg at det proppast so tett mot vatnet som mogleg. Proppen vil ikkje verta særleg synleg sidan mesteparten av han vert under vatn. Samstundes er berggrunnen på staden relativt lys, slik at betongen ikkje er særleg synleg, sjå bilete under og på neste side. Alle teikn til tidlegare inntak som ikkje vert ein del av proppen skal fjernast. Dette inkluderer sjølv sagt også alle teikn til anleggsverksemd på staden.

Anleggsarbeidet er planlagt veglaust og ved hjelp av helikopter. Det er foreløpig ikkje utarbeida detaljerte planar for tiltaket. På grunn av villrein bør anleggsarbeidet føregå på seinsommar/haust.



Figur 2 Inntaket i Harkavatnet



Figur 3 Inntaket i Harkavatnet sett frå helikopter

Konsekvensar av tilbakeføring av Harkavatnet.

Tilbakeføringa vil medføra at det vert større vassføring enn i dag i opprinneleg elveleie og ned til det nye bekkeinntaket i Tverrelvi (Bekk Harkavatn). Vasstanden i Harkavatnet vil verta auka med 1 m, dvs. tilbake til naturleg vasstand, noko som gjer at randsona i vatnet ikkje lenger vert synleg. Harkavatnet har eit nedbørfelt på om lag $2,2 \text{ km}^2$ og ein årleg nedbør på $8,20 \text{ mill. m}^3$. Det er ca. halvparten av det totale feltet for det nye bekkeinntaket. Det vil seie at vassføringa vert om lag dobla like oppstrøms inntaket i forhold til dei 40 siste åra, mens dess lengre opp ein kjem i vasstrengen dess større blir skilnaden mellom før- og ettersituasjonen.

Tilbakeføring av Harkavatnet til naturleg leie vil redusere gytemulegheitene i innløpa sidan det beste gytesubstratet ligg under naturleg vasstand. Tiltaket kan gi gyting på utløpet, men substratet her er relativt grovt og gir dårlege gyteforhold. Utlekking av gytesubstrat i inn- og utløpsbekkar kan truleg gi bedra forhold for naturleg rekruttering. Vedlagt søknaden finn de rapport frå prøvefiske gjennomført hausten 2011 av Rådgivende biologer.

Dagens overføringstunnel frå Harkavatnet munnar ut i eit lite vatn øvst i Grasdalen. I elveleiet frå dette vatnet og ned til bekkeinntaket i Grasdalen vil vassføringa verte redusert til opprinneleg vassføring. Det naturlege nedbørfeltet er $7,42 \text{ km}^2$. Det vil seie at ein får ein vassføringssituasjon like oppstrøms inntaket med om lag 78 % av vassmengdene som har vore der dei siste 40 åra. På lik linje med bekken ut av Harkavatnet vert dei prosentmessige skilnadene større dess lengre opp i elva ein går.

For utfyllande informasjon vert det vist til konsesjonssøknaden for «Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi» med konsekvensutgreiingar.

Kostnadar og framdrift

Det vert vist til konsesjonssøknaden for «Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi» for detaljar om kostnadar og framdrift.

Eigarforhold

Grunneigerane i området ynskjer tiltaket, og det er ein del av forpliktelsane til BKK i høve avtalen som er inngått med dei.

Det vert igjen påpeika at denne søknaden om planendring heng saman med konsesjonssøknaden for «Tilleggsoverføring til Evanger kraftverk og utbygging av Tverrelvi og Muggåselvi», og at dersom det ikkje vert gitt konsesjon med tilfredsstillande vilkår for overføringa fell denne søknaden vekk. Tilbakeføringa av Harkavatnet til naturleg leie er såleis omtala både i konsesjonssøknaden og i konsekvensutgreiingane for det prosjektet.

Venleg helsing
BKK PRODUKSJON AS

Wenche Teigland
Adm. direktør

Vedlegg:
Rapport frå prøvefiske